

Perkutant pyelostomikateter, stell og skyljing

Mål: Reduserer risikoen for infeksjonar både i nyre og urinvegar.

Ansvar: Det er institusjonsleiar som har ansvar for at institusjonen har rett utstyr. Sjukepleiar som steller kateteret har ansvar for at prosedyre blir følgt.

Omfang: Gjeld ved stell og skyljing av pyelostomikateter

Definisjon: Perkutant pyelostomikateter leggst inn gjennom huda til nyrebekkenet. Pasienten kan ha kateter til ei eller begge nyrene.

Indikasjonar: Avstengt urether/nyre p.g.a. stein eller cancer evt. komplisert med infeksjon.

Bakgrunnsinformasjon:

Innlegging skjer i røntgenavdelinga ved hjelp av ultralydretleing. Innlegging skjer i lokalanestesi med aseptisk teknikk. Det nyttast perkutant kateter med mandreng, kanyle og 3-vegskran. Kateteret blir fiksert inne i nyrebekkenet ved hjelp av "pig-tail" metoden. Kateteret sin "pig-tail" er låst med ein tråd, som festes til huda. Ved seponering skal denne tråden løysast. Det skal nyttast sterilt lukka drenasjesystem med tappekran. Innstikkstaden bandasjerast slik at det ikkje blir knekk på kateteret.

Kateterstell:

- Innstikkstaden for kateteret skal handsamast aseptisk.
- Skift bandasje 1. gang i uka eller viss bandasjen er fuktig
- Handdesinfeksjon før og etter at bandasjen er tatt av
- Vask huda rundt innstikkstaden med Klorhexidinsprit 5mg/ml. Ved langtidsbruk av Klorhexidin kan huda bli sår. Ved antydning til sår hud bruk sterilt saltvatn
- Bandasjen skal haldast tørr.
- Drenposen skal ikkje koplast frå kateteret utanom ved skifting av pose.
- Forseglinga mellom kateter og pose skal ikkje brytast utan at det skal skiftast pose.
- Det er naudsynt å tømme posen 3-4 gonger dagleg.
- Byting av pose skal om mogleg unngåast før det er gått 2 veker.
- Ved byting av pose desinfiserast kateterstussen med klorhexidin 5mg/ml før den nye posen settast på og forseglast med tape.
- Det kan være nyttig å polstre 3-veis kran slik at den ikkje skadar hud eller gjer trykksår.

Skyljing:

Evt. skylding skjer gjennom 3-vegskrana med 5-10 ml sterilt fysiologisk saltvatn i steril sprøyte dersom det er teikn på stopp i drenasjen. Skyljing skal utførast aseptisk. Skyljing som infeksjonsførebyggjande tiltak er ikkje indisert.

Prøvetaking:

Ved symptom på infeksjon skal det takast urinprøve til bakteriologisk undersøking. Prøven takast gjennom 3-vegskrana.

Referanse:

Smittevern 21. Førebygging av kateterassosierte urinvegsinfeksjonar. Nasjonal veileder. 2013 FHI. www.fhi.no